



KV-notat nr. 6/2012 - Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	Sognekraft AS	Middelthuns gate 29
Fylke/kommune:	Sogn og Fjordane fylke / Vik kommune	Postboks 5091 Majorstua 0301 OSLO
Ansvarlig:	Carsten S. Jensen	Sign.: <i>Carsten S. Jensen</i> Telefon: 22 95 95 95
Saksbehandler:	Laila P. Høivik	Sign.: <i>Laila P. Høivik</i> Telefaks: 22 95 90 00
Dato:	15 MAR 2013	E-post: nve@nve.no
Vår ref.:	NVE 200803245-28	Internett: www.nve.no
Sendes til:	Søker og alle som har uttalt seg til saken	Org. nr.: NO 970 205 039 MVA
		Bankkonto: 0827 10 14156

Søknad om tillatelse til å bygge Nyasetdalen kraftverk i Vik kommune, Sogn og Fjordane fylke

Innhold

Sammendrag	2
Søknad	3
Høring og distriktsbehandling	4
Søkers kommentar til høringsuttalelsene	10
Norges vassdrags- og energidirektorats (NVEs) merknader	11
NVEs vurdering	14
NVEs konklusjon	18

Sammendrag

Sognekraft AS har søkt om tillatelse til å bygge et småkraftverk i Nyasetdalen i Feios, som ligger i Vik kommune i Sogn og Fjordane. Søknaden gjelder tillatelse etter § 8 i vannressursloven. Det er også søkt om tillatelse etter energiloven for etablering av nødvendige høyspentanlegg. Sognekraft er også tiltakshaver for et større vannkraftprosjekt i Feios.

Kraftverket skal etter planene utnytte fallet mellom kote 770 og 470 i Nyasetelvi. Søknaden omfattet overføring av en mindre bekk til inntaket. Vannveien blir et nedgravd rør, med en lengde på om lag 1700 meter. Det er planlagt én elvekryssing, i rørbro. Adkomst til inntaket vil bli i rørtraseen, på permanent skogsbilvei. Fra kraftstasjonen vil vannet slippes direkte i et bekkeinntak til planlagte Feios kraftverk. Kraftstasjonen tilkobles planlagt linje for Feios kraftverk med en opphengt 22 kV-luftlinje på om lag 1250 meter.

Høringspartene har for det meste vært positive til søknaden, men har bedt om tilpasninger og avbøtende tiltak, særlig minstevannføring. Sogn og Fjordane Turlag har vært mest negative til prosjektet, av hensyn til friluftslivinteresser og den allerede planlagte utbyggingen i Feios.

En flytting av inntaket ned til et område med mindre innsyn vil avbøte konsekvensene for landskapet og friluftslivet i fjellområdene rundt betydelig. En minstevannføring vil også bidra til bevare noe av elvas karakter og landskapsinntrykk, og vil gjøre det mulig for fossefall å fortsatt hekke og finne næring i elven. Vi kan ikke se at det foreligger andre forhold som berører allmenne interesser i vesentlig grad.

En utbygging etter omsøkt plan uten minstevannføring vil gi om lag 6,6 GWh/år. En utbygging med flyttet inntak og slipp av tilnærmet 5-persentil vannføring året rundt vil gi ca 4,5 GWh årlig i ny fornybar energiproduksjon. Dette er en produksjon som er vanlig for småkraftverk. Selv om dette isolert sett ikke er et vesentlig bidrag til fornybar energiproduksjon, så utgjør småkraftverk samlet sett en stor andel av ny tilgang de senere år. De to siste årene har NVE klarert om lag 1,3 TWh ny energi fra småkraftverk. De aller fleste prosjektene vil ha enkelte negative konsekvenser for en eller flere allmenne interesser. NVE mener at så lenge disse interessene ikke er av svært stor verdi eller dersom de kan avbøtes i tilstrekkelig grad gjennom vilkår, så kan det gis konsesjon til tiltaket. De konsesjonsgitte tiltakene vil være et bidrag i den politiske satsingen på småkraftverk, og satsingen på fornybar energi.

Etter en helhetsvurdering av planene og de foreliggende uttalelsene mener NVE at fordelene og nytten av tiltaket overstiger skader og ulemper for allmenne og private interesser slik at kravet i vannressursloven § 25 er oppfylt. NVE gir derfor Sognekraft AS tillatelse etter vannressursloven § 8 til å bygge Nyasetdalen kraftverk. Tillatelsen forutsetter bl.a. krav om at inntaket flyttes nedover mot kote 720, at den planlagte bekkeoverføringen sløyfes og at elvekryssingen skal gjøres ved nedgravd rør.

Søknad

NVE har mottatt følgende søknad fra Sognekraft AS, datert 14.07.2010:

"Sognekraft AS ønskjer å utnytte vassfallet i Nyasetelvi i Vik kommune i Sogn og Fjordane fylke, og søker med dette om følgjande løyve:

1. *Etter vassressurslova, jf. § 8, om løyve til å byggje Nyasetdalen Kraftverk.*
2. *Etter energilova om løyve til bygging og drift av Nyasetdalen Kraftverk, med tilhøyrande koplingsanlegg og krafllinjer som skildra i søknaden."*

Hoveddata for projektet fremgår av tabellen under:

Nyasetdalen kraftverk, hoveddata		
TILSIG		Hovudalternativ
Nedbørfelt	km ²	4,66
Årlig tilsig til inntaket	mill.m ³	12,06
Spesifikk avrenning	l/s/km ²	82,0
Middelvassføring	m ³ /s	0,382
Alminnelig lågvassføring	l/s	26
5-persentil sommar (1/5-30/9)	l/s	123
5-persentil vinter (1/10-30/4)	m ³ /s el. l/s	17
KRAFTVERK		
Inntak	moh.	770
Avløp	moh.	470
Lengde på elvestrekning	m	1700
Brutto fallhøgde	m	300
Midlare energiekvivalent	kWh/m ³	
Slukeevne, maks	l/s	800
Slukeevne, min	l/s	40
Tilløpsrøyr, diameter	mm	600
Tunnel, tverrsnitt	m ²	-
Tilløpsrøyr/tunnel, lengde	m	1700
Installert effekt, maks	MW	2
Brukstid	timer	3342
MAGASIN		
Magasinvolum	m ³	420
HRV	moh.	470
LRV	moh.	470
PRODUKSJON		
Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	2,23
Produksjon, sommar (1/5 - 30/9)	GWh	4,43
Produksjon, årlig middel	GWh	6,66
ØKONOMI		
Utbyggingskostnad	mill.kr	18,21
Utbyggingspris	kr/kWh	2,73

GENERATOR

Yting	2,22 MVA
Spenning	0,69 kV

TRANSFORMATOR

Yting	2,3 MVA
Omsetning	0,69 kV / 22 kV

NETTILKNYTING (kraftlinjer/kablar)

Lengde	1 km
Nominell spenning	22 kV
Luftlinje el. jordkabel	Luftlinje

Høring og distriktsbehandling

Søknaden behandles etter bestemmelsene i vannressursloven, og har vært kunngjort i Sogn Avis og Firdaposten. Videre er søknaden sendt på høring til Vik kommune, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane fylkeskommune, natur- og friluftslivsorganisasjoner og lokale næringsorganisasjoner. NVE har mottatt følgende høringsuttalelser til søknaden:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane skrev i e-post av 12.09.2011:

"Sognekraft har søkt om konsesjon til Nyasetdalen kraftverk. Vi har ikkje vore på synfaring på denne saka, men var i nedre del av området i samband med søknad om Feios kraftverk. Nyasetelvi er ei sidegrein i øvre del av Feioselvi. Vi viser til vedlegg med data for planlagde kraftverk.

Vurdering

Til søkjar opplyser vi at Fylkesmannen skal vurdere denne saka i høve til allmenne interesser, jf. § 8 i vassressurslova. Dette omfattar tema som naturmiljø (m.a. landskap, biologisk mangfald, inngrepsfrie naturområde, fisk) og friluftsliv. NVE har avgjerdsrett etter vassressurslova. Vidare vurderer Fylkesmannen søknaden i høve til lakse- og innlandsfiskelova og ureiningslova. Miljøverndepartementet har avgjerdsrett etter ureiningslova når det gjeld uttak av vatn i samband med vasskraftutbygging. Fylkesmannen og andre forvaltningsorgan skal også vurdere saka i høve til naturmangfaldlova.

Det er ikkje tidlegare registrert eller i samband med søknaden funne sjeldne eller raudlista artar og naturtypar i det aktuelle området. Dei største allmenne interessene er ut i frå dette knytte til innsyn frå viktig turrute og reduksjon av inngrepsfrie område (INON).

Utbygginga må sjåast i samanheng med ev. utbygging av Feios kraftverk. Det er tale om ein høvesvis stor INON-reduksjon, men likevel ikkje i verneområde eller villmarksprega område. For vidare opplysningar om friluftslivsinteresser viser vi til fråsegn frå Sogn og Fjordane Turlag datert 08.10.2010.

I søknaden er det lagt opp til å ikkje ha minstevassføring i elva. Dette er ikkje i tråd med dagens vassdragsforvaltning. Sjølv om det ikkje er funne sjeldne artar knytt til elva og det vassdragsnære området vil det likevel vere behov for å oppretthalde eit vist minstenivå av liv i elva. Det er heller ikkje slik at faunaen i elva er undersøkt med tanke på tørrlegging. I utgangspunktet vil vi rå til at det vert kravd minstevassføring tilsvarende 5-persentil sommar og alminneleg lågvassføring om vinteren.

Tilråding

Med føresetnad om minstevassføring heile året vurderer Fylkesmannen at den omsøkte utbygginga er akseptabel i høve til allmenne interesser.”

Ved fylkesutvalsmøte 09.02.11 gjorde **Sogn og Fjordane fylkeskommune** slikt vedtak:

”Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til at det vert gitt løyve til bygging av Nyasetdalen kraftverk fordi fordelane av tiltaket vert vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser.

Av omsyn til landskap og biologisk mangfald bør det sleppast minstevassføring frå inntaket tilsvarande alminneleg lågvassføring 26 liter/sek heile året.”

Sitat fra fylkesrådmannens vurdering og konklusjon:

”Fordelane ved tiltaket er først og fremst av økonomisk karakter og knytt til energiproduksjon på 6,6 GWh/år. Kraftverket vil bidra til lokalt næringsgrunnlag og skatteinntekter. Aktuelle ulemper vil vere knytt til skade og inngrep for landskap og biologisk mangfald i samband med byggetiltak som inntaksdam, nedgravd rørgate/anleggsveg, elvekryssing for rørgate, kraftstasjonsbygg og redusert vassføring i Nyasetelvi.

I framlegg til regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging er det retningslinjer for korleis ulike arealinteresser skal handterast i samband med vasskraftutbygging. Ut frå dei konsekvensutgreiingane utbyggjar har gjennomført, er det få arealinteresser av den typen som er nemnt i retningslinjene, som vert påverka av utbygginga

Friluftsliv

Inntaksdam og deler av røyrkata vil ligge i eit stort regionalt viktig friluftsområde, knytt til Fresvikbreen. Det aktuelle friluftsområdet er i stor grad også inngrepsfri natur. I planforslaget som nemnt er regionale friluftsområde med få eller ingen menneskelege inngrep gitt 2. prioritet, med tilhøyrande forslag til retningslinjer: “Interesser av svært stor verdi. Med avbøtande tiltak som opprettheld verdien til den aktuelle arealinteressa, vil fylkeskommunen normalt vere positiv til å rå til at konsesjon blir gjeve”.

Avbøtande tiltak for å ta i vare friluftsjinteressene vil m.a. vere minstevassføring og andre landskapstilpassingar av vasskraftanlegget. I søknaden er det nemnt at det har gått ein sti langs elva og opp til inntaket. Stiar er gitt 3. prioritet i nemnte framlegg til regional plan, og det betyr at ein bør søkje å ta vare på dei ved vasskraftutbyggingar.

Automatisk freda kulturminne

Fylkesrådmannen kjenner ikkje til registrerte automatisk freda kulturminne innafor området som vert omfatta av utbyggingstiltaket. Det kan likevel ikkje utelukkast at det ligg til no uregistrerte automatisk freda kulturminne under markoverflata. Fylkesrådmannen ber difor om at dei som skal gjere arbeid i marka vert gjort merksam på følgjande:

”Ein har plikt til å vise varsemd og til straks å melde ifrå til Kulturavdelinga dersom ein under jordarbeid skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jf. Lov om kulturminne § 8, 2.ledd.”

Kulturminne frå nyare tid

Dersom viktige og markerte kulturminne frå nyare tid, etter år 1537, vert direkte eller indirekte råka av planlagde tiltak, må tiltaka justerast på ein slik måte at kulturminna kan takast vare på.

I den grad det er mogeleg, må det ikkje gjerast skade på kulturlandskapselement som geiler, vegar, steingardar, bakkereiner, bygningar eller andre synelege spor etter tidlegare landbruksaktivitet i området. Gamle ræser og vegar er å sjå på som kulturminne og viktige element i landskapet. For å få minst mogeleg synelege spor i landskapet og ei raskare revegetering, er det viktig å nytte naturleg vegetasjon frå staden (torv) til overdekking av grøftene.

Samla vurdering

Vik kommune uttalte seg 16.05.2007 til konsesjonssøknaden for Feios kraftverk. Fylkeskommunen uttalte seg til søknaden 30.03.2007 og viste m.a. til kommunen sin uttale. Olje- og energidepartementet sende 02.02.2010 NVE si innstilling i saka av 23. 11.2009 med forslag til vilkår av 24.11.2009 på ei høyringsrunde. Vik kommune sende uttale i forbindelse med denne høyringsrunda. Denne uttalen er referert framanfor. Fylkeskommunen uttalte seg ikkje i denne høyringsrunden.

Frå kommunen har fylkesrådmannen fått opplyst at kommunen ser prosjekta i Feios i samanheng og at kommunen ikkje har spesielle merknader til søknaden for Nyasetdalen kraftverk.

Fylkesrådmannen meiner at det er lite konfliktstoff knytt til søknaden slik den er framlagt og vil rå til at det vert gitt løyve. Men av omsyn til landskap og biologisk mangfald meiner fylkesrådmannen at det bør sleppast minstevassføring frå inntaket tilsvarende alminneleg lågvassføring 26 liter/sek heile året. Fylkesrådmannen vil også peike på at den planlagde elvekryssinga med rørgate som stålrør innstøpt i begge endar og føring av elva i kulvert på kryssingspunktet, vert utført så skånsamt som mogeleg i høve til landskap.

KONKLUSJON/TILRÅDING

Fylkesrådmannen rår til at det vert gitt løyve til bygging av Nyasetdalen kraftverk fordi fordelane av tiltaket vert vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser. Av omsyn til landskap og biologisk mangfald meiner fylkesrådmannen at det bør sleppast minstevassføring frå inntaket tilsvarende alminneleg lågvassføring 26 liter/sek heile året. ”

Sogn og Fjordane Turlag har i e-post datert 08.10.2010 gitt følgende uttalelse:

”Vi takkar for høyringsbrevet dykkar av 31.08.2010. Høyringsfråsegna vår er basert på konsesjonssøknaden med vedlegg og anna informasjon lasta ned via internett, Turkart Nærøysfjorden, og på samtaler med lokalkjende i Vik Turlag. Vi har dessverre ikkje hatt tid til å reise på synfaring.

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.turistforeningen.no/sognogfjordane) er eitt av Den Norske Turistforening sine 56 medlemslag, og fylkeslag for 16 lokale lag spreidd over heile fylket. Siste medlemstal: 5.446. Nyasetdalen kraftverk ligg i Vik Turlag sitt arbeidsområde, sjå: <http://www.turistforeningen.no/vik/>

Om friluftsliv i det aktuelle området:

Anslagsvis 2/3 av utbyggingsområdet ligg inne i eit regionalt viktig friluftsområde, sjå Vedlegg 1. Heile utbyggingsområdet ligg inne i eit FRIDA-registrert lokalt viktig friluftsområde, sjå Vedlegg 2.

Eitt av dei absolutt viktigaste og flottaste turmåla i heile Vik kommune, Rambertinden, 1.623 m, ligg sør for den øvre delen av Nyasetdalen. Det går fleire ruter til toppen. Den viktigaste frå nord, følgjer Klukseggi som er fjellryggen på nordvestsida av Nyasetdalen. Frå denne, heilt klårt regionalt viktige, ruta har ein mange stadar utsikt "rett ned på" det omsøkte utbyggingsområdet i Nyasetdalen! For info om dei viktigaste turrutene i området, sjå Turkart Nærøyfjorden.

Kommentarar til utbyggingsplanane:

Slukevna for den planlagde kraftstasjonen varierer mellom maksimum 209,4% og minimum 10,5% av middelvassføringa. Dette er ei relativt hard vassutnytting, men ikkje ekstraordinært hard.

Reguleringar og overføringar: *Vi er kritiske til slike "tversover-overføringar" som det her er snakk om for det vesle feltet aust for hovudfeltet. Ekstra kritiske vert vi når det er snakk om bruk av open kanal til overføringa. I dette tilfellet er det eit lite felt det er snakk om, det utgjer berre 8,8% av totaltilsiget på 12,06 mill m³/år. Gjennomsnittsvassføringa på 34 l/s er berre litt høgere enn alminneleg lågvassføring på 26 l/s. Viss NVE skulle vurdere å gje konsesjon til utbygginga, ber vi om at denne overføringa vert sløyfa, og at dette i staden vert sett i samanheng med storleiken på minstevassføringa. Viss NVE vurderer å gje løyve til overføringa, ber vi om at det vert sett krav om at overføringa skjer gjennom eit nedgrave røyr! Ei opa grøft synest vi er heilt uakseptabelt!*

Inntak: *Vi har ingen spesielle merknader til plasseringa eller utforminga av inntaket, men ber om at det vert delvis "kamouflert" med naturstein. Slik vi tolkar det som står under "Avbøtande tiltak" på side 18 i konsesjonssøknaden, er det lagt opp til det, og det er gledeleg!*

Røyrgate: *Vi har ingen spesielle merknader til røyrгатetraseen, men er kritiske til at røyrгата skal krysse elva i lufta. Dette blir synleg på lang avstand, også frå den viktige turruta langs Klukseggi. Det vanlege når røyrгater skal krysse elvar, er å grave røyrret ned under elva. Bedømt ut frå kartet, skulle det ikkje vere noko problem å finne ein høveleg stad til det her heller. Men vi presiserer at vi ikkje har vore på synfaring.*

Kraftstasjonen: *Vi har ingen merknader til plasseringa, men er svært kritiske til at taktekinga skal vere svarte stålplater! Dels er vi kritiske til dette p.g.a. utsjånaden (den er avhengig av kor matte/ blanke platene er), men aller mest er vi kritiske fordi det kan vere med på å auke lydnivået frå kraftstasjonen.*

Når det gjeld lydisolering, meiner vi det må vere eit absolutt krav at kraftstasjonen ikkje i det heile skal kunne høyrast frå den viktige turruta på Klukseggi og frå fjellområdet nord for Nyasetdalen. Så langt til fjells skal det vere stille, bortsett frå naturen sine eigne lydar!

Vegbygging: *Når det gjeld "vegen" fram til inntaket, oppfattar vi konsesjonssøknaden slik at den skal bli tilsvarende det NVE gjerne omtalar som "køyresterkt terreng". Altså ein "veg" som går mest mogeleg i eitt med naturen, samstundes som den er køyrbar med eigna køyrety. Dette oppfattar vi som ei akseptabel form for tilkomst til inntaket.*

Netttilknyting: *Vi oppfattar konsesjonssøknaden slik at det skal nyttast ein enkelt isolert kabel med 3 leiarar, og at denne vert opphengd i stolpar. For mellom anna fugl, er dette betre enn ei tradisjonell luftline. Men vi skulle ønskje at kabelen vert graven ned, til dømes i vegkanten, i staden for å gå i lufta. Vi ber NVE om sterkt å vurdere å stille krav om dette! I alle fall til ein kjem ned til dei skarpe svingane på vegen, men helst heile vegen!*

INON: I konsesjonssøknaden står det mellom anna at "Det er bygd ein skogsbilveg som ikkje er registrert i INON-databasen." Av det vi kan sjå på Fylkesatlas sitt INON-kart, stemmer ikkje dette lenger, sjå kartutdrag i Vedlegg 3.

Minstevassføring: Utbyggerane ønskjer ikkje å sleppe ein einaste dråpe minstevassføring nokon del av året. Dei ønskjer å tørlegge elva fullstendig bortsett frå når det er flaum. Vår noko "uærbødige" kommentar til det er følgjande: Her har Sognekraft AS, (til liks med nokre andre storkraftutbyggerar, har vi sett) hengt seg opp i gamalt tankegods frå utbyggingar på 1950- og 1960-talet. Men slik er det ikkje i dag, i moderne kraftutbyggingar skal det sleppast minstevassføring! Dette både av omsyn til det visuelle, og ikkje minst av omsyn til fossefall og anna biologisk mangfald. Viss NVE skulle ønskje å gje konsesjon, ber vi om at det også vert sett skikkelege krav til minstevassføring heile året!

Vårt framlegg er 5-persentilen sommar og vinter. Viss "tersover-overføringa" vert sløyfa, gjer vi framlegg om at minstevassføringa om sommaren vert sett til halvdelen av 5-persentil sommar.

Kommentarar til verknadane av utbygginga:

Biologisk mangfald: Synfaringa i området var 10.10.2007. Oktober er ei dårleg tid for kartlegging av dei fleste typar biologisk mangfald, og ei synfaring på den tida har avgrensa verdi. Men vi har for lite kunnskapsgrunnlag til å vurdere om det har påverka kvaliteten på biologisk mangfald-rapporten.

Landskap: Fotomaterialet i søknaden med vedlegg, viser at Nyasetelvi er viktig i landskapet med mange fine stryk og fossefall. Vi vil også peike på at elva er svært godt synleg frå den viktige turruta oppe på Klukseggi, der ein mange stader ser rett ned i dalen. Med ei fullstendig tørlegging av elva, bortsett frå i flaumperiodane, slik utbyggaren ønskjer, blir den negative konsekvensen for landskapet stor. Vi synest den negative verknaden utbygginga får for landskap er undervurdert i søknaden!

Når det gjeld INON vert det i konsulentrapporten sagt at INON har stor verdi (og det er vi einige i), men at den negative konsekvensen av INON-bortfallet er liten. Det siste er vi sterkt ueinige i! Her er det snakk om ei svært lita utbygging som fører til eit ganske stort bortfall av INON i sone 1 og 2. Og dette er ikkje "kva som helst slags INON"! Dette er del av eit ganske stort areal INON der ein vesentleg del av totalarealet ligg inne i Nærøysfjorden verdsarvområde. Etter vårt syn er det ei grov feilvurdering å omtale eit så vidt stort INON-bortfall som det her er snakk om, og for så lite ny kraft, som "liten negativ verknad på INON-område." Her er det stor negativ verknad!

Avbøtande tiltak: Vi har alt nemnt at det må stillast krav om skikkeleg heilårs minstevassføring. Viss økonomien i prosjektet er så dårleg at det ikkje kan sleppast minstevassføring, "så er ikkje prosjektet liv laga"!

Sannsynlegvis er det ein del fossefall på utbyggingsstrekninga i dag. For å ivareta fossefallet, ber vi NVE om ikkje berre å pålegge minstevassføring, men også å sette krav om oppsetting av eit høveleg tal predatorsikre rugekassar for fossefallet.

Samandrag av Turlaget sitt syn på utbygginga:

Dette er ikkje ei utbygging som vi ønskjer. Vi synest det blir altfor mykje utbygging i Feios viss Feios kraftverk får konsesjon i samsvar med NVE si tilråding til OED. Dei urørte elvestrengane som blir att viss den utbygginga får konsesjon, bør få renne i fred, etter vårt syn!

Vurdert utelukkande ut frå friluftsisinteressene, har vi neppe god nok grunn til å gå mot utbygginga. Nyasetdalen er neppe så svært mykje brukt til friluftsliv i dag, men bruken kan kome til å auke viss alle dei andre elvane i Feios blir lagde i røyr. Men slik situasjonen er i dag, er vi nokså sikre på at Kluksaggi, der ein ser "rett ned i" Nyasetdalen, er mykje meir brukt, og mykje viktigare for friluftsliv enn sjølve Nyasetdalen.

Dei viktigaste grunnane for NVE til eventuelt å gå mot utbygginga, er ut frå sumverknaden av utbyggingane i Feios, og ut frå det store INON-bortfallet sett i forhold til den vesle produksjonen frå Nyasetelvi kraftverk. Ei samanlikning: I Nyasetelvi ved inntaket er middelvassføringa for heile året 382 l/s. Den samla minstevassføringa som skal sleppast forbi 5 inntak (4 om vinteren) til Feios kraftverk er 295 l/s om sommaren og 85 l/s om vinteren. Nyasetelvi vert med andre ord ei av dei største attverande elvane i Feios viss Feios kraftverk vert bygd! (Storelvi oppstrøms inntaket til Feios kraftverk, blir sjølvsagt betydeleg større.)

Så noko heilt anna: Vi kjenner ikkje innhaldet i avtalen mellom Sognekraft og grunneigarane, så det er vanskeleg å ha noko sikker meining om det. Men kanskje vil ikkje grunneigarane langs Nyasetelvi sitte att med så mykje at ei utbygging blir nokon vesentleg økonomisk fordel for dei heller?"

I brev av 21.09.2010 skriver **Magnar Tjønn og Bjørn Grindedal**, grunneiere i området:

"I den grad linja til Nyasetdalen Kraftverk kjem i konflikt med jord- og skogbruksverksemd vil underteikna at kraftverket skal dekke arbeid/kostnad med å midlertidig demontere linja."

I brev av 15.10.2010 skriver **Jan Magne Rinde**:

"Denne kraftutbygginga sett i samband med Feios kraftverk er heilt ute av dimensjonar. Det vert ikkje teke omsyn til naturverninteresser eller livsvilkår for Feiosbygda. "Grådighet må svare seg", og utbygginga i sin heilskap stadfester dette.

Bygda kjem til å mangle vassforsyning til primærbehova.

Vassforsyning til bygdesamfunnet er ikkje planlagt.

Sognekraft har lova eigen symjehall til bygda, det er ikkje planlagt.

Vert det utbygging mot alle odds, må bygdesamfunnet få ytterlegare 10 millionar til allmennnyttige formål.

Bygdefolket må få svært billig straum (25% av gjeldande markedsverdi) for framtida.

Ein kostbar skulptur av ein framstående kunstnar må plasserast sentralt i bygda.

Eit kunst og kulturmuseum må plasserast i bygda Feios med lokal, nasjonal og internasjonal spennvidde.

Eit eige eldresenter må byggjast i bygda.

Vik kommune må dela godene med bygda i større grad enn hittil.

NB! Ei arbeidsgruppe har kartlagt alle feilkjelder knytt til Feios kraftverk (Åfedt-elvi) og det tyder på at dei har påvist validitetsmanglane i den forrige rapporten. Dermed er tilrådinga frå NVE om Feios kraftverk basert på sviktande grunnlag."

Vik kommune har ikke uttalt seg til søknaden.

Søkers kommentar til høringsuttalelsene

Søker har i e-post av 24.05.2011 kommentert de innkomne høringsuttalelsene slik:

"Avsendar: Jan-Magne Rinde

Dato: 14.10.2010

Kommentar: Sognekraft har ingen kommentarer til denne høringsfråsegna.

Avsendar: Magnar Tjønn og Bjørn Grindedal

Dato: 21.09.2010

Kommentar: Sognekraft stiller seg positiv til krava frå desse to grunneigarane så lenge ei eventuell demontering skjer når kraftverket ikkje er i drift.

Avsendar: Sogn og Fjordane Turlag

Dato: 08.10.2010

Kommentar: Kraftstasjonen: Val av platetekking på kraftstasjonen vil ikkje ha innverknad på støyen frå stasjonen. Støysisoleringa vert ivareteken i vegger, i takkonstruksjonen, ventilasjonsopningar og i utløpskanalen.

INON: Då søknaden vart utarbeida/sendt var ikkje skogsbilvegen registrert i INON databasen. No er den registrert og dette medfører at kraftverket sin innverknad på INON vert ytterlegare redusert.

Utover dette har Sognekraft ingen kommentarer til høringsfråsegna.

Avsendar: Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Dato: 11.02.2011

Kommentar: Sognekraft har ingen kommentarer til denne høringsfråsegna."

Søker har i e-post av 03.04.2012 kommentert uttalelsen til Fylkesmannen slik:

" Fylkesmannen skriv det går ei «viktig turrute» opp dalføret. Ifølgje grunneigarane er dette ikkje korrekt. Dalen er lite brukt som turområde.

Vi foreslår at minstevassføringa vert sett til alminneleg lågvassføring om sommaren (27 l/s) og at det ikkje vert sett krav til slepp av minstevassføring om vinteren. Dette vurderar vi som tilstrekkeleg sett i forhold til NVE si tilråding for Feios Kraftverk når det gjeld slepp av minstevassføring i Nyasetelvi."

Etter befaringen som ble holdt i området etter høringsrunden har søker også kommet med følgende presiseringer til søknaden:

1. Det kan bli behov for en dam som er nærmere 20 meter, i stedet for de omsøkte 13 meter.
2. Etter å ha vurdert plasseringen av inntaket i terrenget med bl.a. NVE er det aktuelt å flytte inntaket noe nedover i terrenget, mot kote 720 i stedet for det omsøkte kote 770.
3. Søker ønsker en form for permanent traktorveg opp til inntaket.
4. Søker er positiv til en løsning som innebærer at røret graves ned ved elvekryssingen, i stedet for rørbrua som er omsøkt.

Norges vassdrags- og energidirektorats (NVEs) merknader

Om søker

Sognekraft AS ble startet i 1947 av kommuner og kraftlag i midtre og indre Sogn. Selskapet har om 70 ansatte, og drifter kraftverk med en årlig produksjon på 446 GWh. Hovedkontoret er i Vik i Sogn.

Om søknaden

Sognekraft AS søker om å bygge et småkraftverk i Nyasetelvi, en sideelv til Storelvi i bygda Feios i Vik kommune. Det er planlagt en større vannkraftutbygging i Storelvi fra før, med Sognekraft som tiltakshaver.

Beskrivelse av området og eksisterende inngrep

Utbyggingsområdet ligger i Vik kommune i Sogn og Fjordane. Landskapet er preget av store kontraster, fra fjell, bre og tett skog i de øvre delene til kulturlandskap med boliger, gårdsdrift og fruktdyrking ned mot fjorden.

Hovedvassdraget har utspring i Fresvikbreen og fjellene rundt, og renner nordover gjennom bygda Feios til utløpet på sørsiden av Sognefjorden. Feioselva består av to hovedelver som møtes et par km oppstrøms utløpet i fjorden – Storelvi fra sør og den mindre Åfetelvi fra vest. Nyasetelvi i Nyasetdalen er den største sidebekken til Storelvi, og møter Storelvi fra vest om lag 4 km oppstrøms utløpet i fjorden.

Storelvi renner til dels i et åpent kulturlandskap med godt innsyn. Sidebekken Nyasetelvi renner for det meste nede i en trang og bratt skogbevokst v-dal, og er lite synlig i de nedre delene. Den øvre delen av dalen er flatere og danner en åpen botn, med lite vegetasjon og godt innsyn fra fjellryggene rundt.

Hoveddalføret er preget av boliger og gårdsdrift, særlig den nedre delen. Opp Nyasetdalen går det kun en enkel skogsvei, som går over til sti etterhvert. Det ligger to støler i Nyasetdalen.

Per i dag går det både en 300 kV ledning (Fardal-Hove) og en 66 kV-linje (Njøs-Vange) gjennom Feiosbygda og oppover Åfetdalen. Det er nylig gitt konsesjon til en større vannkraftutbygging i hovedvassdraget i Feios.

Teknisk plan

Inntak og overføringer

Kraftverket er planlagt med inntak ved kote 770, med en betongdam med høyde ca 4 m og lengde ca 13 m. Planen er senere justert til inntak ned mot kote 720, og damlengde inntil 20 m. Det er søkt om overføring av en liten bekk til inntaket. Inntaksdammen vil demme ned et areal på om lag 100 m².

Rørgate

Fra inntaket er det planlagt ca 1700 m nedgravd rørgate, med én elvekryssing, ned til kraftstasjonen. Elvekryssingen er planlagt som selvbærende rør i dagen, støpt i forankringsklosser på hver siden av elven. Dette er senere justert til elvekryssing i nedgravd rør som et alternativ. Selve elven med restvannføring er foreslått lagt i kulvert på dette punktet, for at elva skal kunne krysses med traktor.

Kraftstasjon

Kraftstasjonen er planlagt ca ved kote 470. Utløpet er tenkt sluppet direkte ut i bekkeinntaket som er prosjektert i forbindelse med vannkraftutbyggingen i Feios.

Elektriske anlegg

I stasjonen er det planlagt installert en peltonturbin med maks slukeevne på 800 l/s, minimumsslukeevne 40 l/s, og installert effekt på 2 MW. Det søkes om ca 1250 m med 22 kV luftlinje, fra Nyasetdalen kraftverk ned til linja som vil gå til Feios kraftverk.

Veier

Den eksisterende skogsbilveien slutter nær den planlagte elvekryssingen. I søknaden er det tenkt å bruke rørgatetraseen som adkomst til inntaket, med terrenggående kjøretøy. Under befaring ble dette presisert til permanent traktorvei til inntaket.

Massetak og deponi

Eventuelle overskuddsmasser foreslås brukt til terrengarrondering lokalt.

Hydrologisk grunnlag

Kraftverket utnytter et nedbørfelt på ca 4,5 km² ved inntaket og middelvannføringen er beregnet til 382 l/s. Effektiv innsjøprosent er på 0,01 % og nedbørfeltet har en breandel på 3,6 %. Avrenningen er relativt stabil fra år til år med dominerende vårflom. Laveste vannføring opptrer gjerne om vinteren. 5-persentil sommer- og vintervannføring er beregnet til henholdsvis 123 l/s og 17 l/s. Alminnelig lavvannføring for vassdraget ved inntaket er beregnet til 26 l/s. Det påpekes at lavvannsverdiene kan være noe overestimert siden referansefeltet er vesentlig større. Maksimal slukeevne i kraftverket er planlagt til 800 l/s og minste slukeevne 40 l/s. Det er ikke søkt om å slippe minstevannføring. Ifølge søknaden vil dette medføre at 80 % av tilgjengelig vannmengde benyttes til kraftproduksjon. I ettetid har søker selv foreslått å slippe vann tilsvarende alminnelig lavvannføring om sommeren (ca 26 l/s), og ikke minstevannføring om vinteren.

Produksjon og kostnader

Søker har beregnet gjennomsnittlig kraftproduksjon i Nyasetdalen kraftverk til 6,66 GWh fordelt på 2,23 GWh vinterproduksjon og 4,43 GWh sommerproduksjon. Byggekostnadene er estimert til 18,2 mill. kr. Dette gir en utbyggingspris på 2,73 kr/kWh.

